



Røyserett for alle i Latvia for 5 år sidan

Laurdag kveld markerer blandakoret Røyserett for alle at det er 25 år. Det er heimehøyrande i Uskedalen, som det står i historikken for dei fyrste 20 åra, men jubileumskonserten vert avvikla i kulturhuset på Husnes og startar klokka 18. Strupebandet med solistar er gjestekor. På programmet står både gammalt og nytt, både egne og andre sine produkt.

Det var i desember 1987 koret så dagens ljøs, som eit lite kor som song på kultuprisutdelinga til Bjøgulv Eik. I januar 1988 skjedde så den formelle skipinga og dermed hadde ein ofte lansert ide vorte røyndom: Å skipa eit songlag i Uskedalen slik dei hadde det frå 1912 til 1940, under den nærmast legendariske lærar Andreas Haugland.

Svein Rimestad hadde ideen om det særmerkte namnet som er ei verdfull fane for koret med si dobbelte tyding og som har vekt oppsikt i vide kretsar.

Den fyrste dirigenten var Kristian Olav Bringedal. Maria Malmsten har no vore dynamisk og sprudlande lmusikalsk leiar i mange år. Øvingane har i dei seinare åra funne stad i Helgheim. I jubileumsåret er Haldor Tveit leiar.

Røysterett for alle har opp gjennom åra hatt eit svært allsidig repertoar og har sunge både heime og ute. Då koret runda 20 år vart desse større prosjekta saman med andre rekna opp: Elvis, Brazz Brothers, Askeoppkok, Hanne Krog-konsert, Kor Ti, Bytunets Antikvariske Jazzensemble, diverse musicals, Prøysen, Taube og Sande.

Det har vore utbytterike utanlandsturar til Skottland, Latvia og Italia og i dei siste 5 åra har fleire krevjande songprosjekt funne stad, til dømes den store syklusen i fjor haust. og Mariamusikken.

Koret har gjennom alle år vore prega av eit godt musikalsk fellesskap og har makta å halda på sin gode standard og utvikla denne vidare.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.